



Tor Erik Titland
Oskleiva 50
1786 HALDEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/1065 - 23/21421

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
eilin.houlison.molvik@alver.kommune.no

Dato:
16.03.2023

Endring av bygningstype - gbnr 129/70 Titland søndre

Vi viser til epost datert 03.02.2023. De kan be om å få endra opplysningar i matrikkelen (eigedomsregisteret) for det aktuelle bygget. Endring av matrikelopplysningar kan bety at du må søke etter plan- og bygningslova først. **Skjema for søknad om endring av matrikelopplysningar finn du her.**

Ut i frå historiske data så er bygget på eigedom gbnr 129/70 ein eldre bustad som tidlegare var del av bruk nr 1 på Titland. Ved samaføying av bruk 1 og 2 vart bustadhuset på bnr 1 skild frå garden og eigedom gbnr 129/70 med påståande bustadhus vart oppretta frå eigedom gbnr 129/1.

For å få endra status på bygget attende til bustad frå fritidsbustad må de dokumentere bygget sin tilstand og også gjere greie for kvifor det i si tid vart endra frå bustad til fritidsbustad, var det til dømes i samband med ønske om redusert kommunale gebyr?

I første omgang må de som nemnd over dokumentere bygget. Det kan det gjere ved å sende inn teikningar og fotodokumentasjon av plan, snitt og fasadar. Vi vil så vurdere korvidt ei endring av matrikkelen vil krevje søknad etter plan- og bygningslova.

Dersom de har behov for yttarlegare rettleiing/møte kan de tinge førehandskonferanse. Det er ein gebyrlagt teneste som vert fakturert med kr. 5.561,-

Om de vel å tinge førehandskonferanse må de sende inn teikningar av bygget og evt. også fotodokumentasjon.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Tor Erik Titland

Oskleiva 50

1786

HALDEN